



Krav om flaumsikring må leggjast inn i reguleringsplanen, seier NVE. Her er utløpet av Uskedalselva. (Foto. Ola Matti Mathisen)

NVE (Norges vassdrags- og energidirektorat) har gjeve uttale til reguleringsplanen for turistanlegga i Uskedalen og mellom anna teke tak i flaumsikringa.

NVE viser til rettleiaren sin som omhandlar planleggjing og utbyggjing i fareområde langs vassdrag. Areal for campingvogner/spikertelt med fast plassering skal etter retningslinene ikkje vere flaumutsett ved flaumstorleikar med gjentaksintervall på 200 år (årleg sannsynlegheit 1/200).

Kommunen bør gjere ei vurdering av dette på reguleringsplannivå og eventuelt leggja inn i føresegnene krav om tiltak for å gjere arealet mest mogeleg flaumsikkert før det vert tillate plassering av campingvogner og utbyggjing av hytter, skriv NVE.

Ellers skriv NVE at plassering av veg og bygningar medfører svært avgrensa areal for til dømes eit vegetasjonsbelte langs elva og viser til lova som heimlar at det skal oppretthaldast eit avgrensa naturleg vegetasjonsbelte langs vassdrag med årssikker vassføring. Planen må ikkje medføre at arealet vert ytterlegare redusert, blir det presisert.

Av Ola Matti Mathisen